

Fra: nansymatre[nansymatre@gmail.com]

Sendt: 01.04.2026 13:30:03

Til: khr@nordplan.no; Post; v.matre@hotmail.com[khr@nordplan.no; post@kvinnherad.kommune.no; v.matre@hotmail.com]

Tittel: Kommentar til Detaljregulering for Røysanesvegen industribase - Høylandsbygd - 202/140 m.fl. i Kvinnherad kommune.

Det er ikkje ofte du tek imot e-post frå nansymatre@gmail.com. [Finn ut kvifor dette er viktig](#)

Hei.

På vegne av bebuar på eigedom 202/39 (Røysanesvegen 4) vil eg kommentera Detaljregulering for Røysanesvegen industribase - Høylandsbygd - 202/140 m.fl. i Kvinnherad kommune.

Kommentar 1:

Det er tegna inn for liten utkjøring i området der det er 3stk garasjer på eigedom 202/39. Her bør løysinga med fortau vere lik slik den er idag. Hvis innkøyringa til 3stk garasjar blir slik den er teikna nå vil det bli umulig å benytta denne garasjen. Dette må endrast.

I tillegg blir området på sida av eksisterande innkøyringar nå benytta som gjesteparkering og stopplass for postbudet etc.

Kommentar 2:

Grense i sjø i mellom (202/26 og 202/31) og 202/33 etc. som er innseiling til båthavna i Høylandsbygd vil bli alt for smal hvis det ligg båter på begge sider av desse industriområda. Den nye grensa bør ikkje komme så nærme industriområde på motsatt side. Her bør vere mogleg å passere med 2stk større båtar.

Kommentar 3:

Grense for industriområde land/sjø mot Friområde/ badestrand (202/44) kan ikkje komme så nærme badestrand område. Hvis industriområde blir slik det er teikna inn nå vil heile Friområdet bli ødelagt pga støy, forurensing etc. og vil bli lite attraktivt å bruke. Dette Friområdet er nylig oppgradert og er flittig brukt frå bebuara frå heile øya.

Eg håpar at desse kommentarane kan taes hensyn til.

Med vennleg helsing
Nansy Matre

Villy Matre (son)

Sendt fra min Galaxy